

Prosjektskisse per 20. august 2020

(Med atterhald om endringar og at dette kan skje i tråd med FHI sine KV 19-tilrådingar)



Kystpilegrimsseglass med Sunnivaskrinet frå Selje til Bergen

Frå 28. august til 5. september 2020 vert det seglas med historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia for å markera at det i år er 850 år sidan flyttinga av Sta. Sunniva sine levningar frå Selja til Bergen. Ved at skrinet kom til Kristkyrkja i Bergen vart byen ein valfartstad for pilegrimar, og byen sin prestisje og stilling vart styrka.

Forutan jubilea for Bergen by og Sta Sunniva-translasjonen er det mange andre gode koplingar og relasjonar som i denne ferda med både glede og nytte kan aktiverast:

- Den ny-etablerte og no permanente Kystpilegrimsleia, som allereie sidan 2014 er ønskt velkomen av både lag og organisasjonar, kyrkjefolk og folk flest langs vår langstrakte kyst. Seglasen vil involvera nøkkelstadane Selje, Kinn, Svanøy, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Gulatinget, Lygra og Bergen.
- Den økumeniske forankringa av Sta. Sunniva – som vernehelgen for sjøfarande, for bergensarar og for Vestlandet.
- Kystkultur.no har ei aukande medlemsmasse av kommunane langs kysten frå Stad og sørover langs Kystpilegrimsleia.
- Kystlag langs Vestlandskysten har historiske båtar som kan involverast.
- Vardetangen Film følgjer med på ferda og produserer ein 25 minutts dokumentarfilm om heile seglasen som kan brukast fritt av skular og alle andre involverte.
- Undervegs på dei stadene båtane med skrinet går til hamn, vil FN-sambandet og Fjordane friluftsråd, i samarbeid med biologar og lokale kjentfolk ha aktivitetar.
- Seglasen vert eit samarbeid mellom Nasjonalt pilegrimssenter, Selje regionale pilegrimssenter, Vestland fylkeskommune, kommunane Stad, Kinn, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Gulen, Alver, Bergen, Bergen Kystkultursenter, Bjørgvin bispedøme, FN-sambandet i Bergen og Kystkultur.no, som vert prosjektleiar.



Skrinet som skal seglast frå Selje til Bergen skal romma tekstar om korleis dei syns me heilt konkret kan ta vare på skaparverket og følgje opp FN sine bærekraftsmål. Brev blir lagde i Sunnivaskrinet og tekstane er skrivne av konfirmantar og kyrkjelyd som møter skrinet langs ferda. Brev vil bli gitt i gåve til jubileumsbyen Bergen og overrekt til ordføraren i Bergen på Kristkyrkjetomten laurdag 5. september, i samband med opninga av Bergen regionale pilegrimssenter.

Torsdag 27. august

Seinast på ettermiddagen/kvelden kjem personell frå FN sambandet til Selja. Det same gjer KMØ sin seglbåt. Selje sokneråd skaffar privat overnatting.

Fredag 28. august



Undervisning ved FN-sambandet. Foto: Kjell Magnus Økland/kystkultur.no

Dagtid: Undervisning/strandrydding på klosterøya Selja i Stad kommune. Involverte aktørar: FN-sambandet og lærarar og elevar/konfirmantar frå Selje skule og Klosterbåten.

Gjennom berekraftige og klimavennlege aktivitetar skal me verna om naturen, styrka lokalt biologisk mangfald og ta vare på skaparverket. Tema vert FN's berekraftsmål (etter prinsippa i delmål 4.7), mellom anna ved strandrydding og utforsking av plastforureining.

Undervisning/strandrydding II: Involverte aktørar: FN-sambandet og lærarar og elevar/konfirmantar frå Stadtlandet skule. Arena: Myresanden på Drage.

Seminar: Aktørar på Stad planlegg reiselivsseminar som frukostseminar med Stad hotell som arena. Tema: berekraftig reiseliv, bruk og vern av pilegrimsmålet.

Seminar II: Seminar ute på klosterøya på ettermiddagen.

I løpet av ettermiddagen bør skrinet plasserast i kyrkja på Selje. Seinast i firetida bør dei fire ungdomspilegrimane få høve til ein øvingsrotur utanfor Seljesanden. Desse fire vert involverte i seremoniane med skrinet og skal vera med på heile seglasen til Bergen: Elisabet Osdal (protestant frå Selje), Dina Øien (protestant frå Florø/Kinn), Victoria Lid (ortodoks frå Os/ Bjørnafjorden) og Sunniva Aadland Høen (katolikk frå Oslo/Selja). Ungdommane og skipsmannskapa skal utstyrt med tidsriktige kostymer på ferda.



Frå venstre: Alfred Bjørlo (ordfører i Stad) i lag med dei fire kystpilegrimane Sunniva, Dina, Victoria og Elisabet på Selja Kloster. Foto: Ragna Sofie Grung Moe.

Økumenisk kveldsbøn i Selje kyrkje klokka 2000. Ansvarleg: Selje sokn –Prost Stian Heggedal/fung prost Vidar Bjoetveit. Etter kveldsbøna vert skrinet plassert i robåt ved Seljesanden og rodd ut til Klosterøya av dei fire ungdomspilegrimane, skrinet overnattar i tårnet. FN-personell, ungdommar og KMØ-seglbåt-mannskap overnattar på Selja i bua/seglbåten. (Kjell Magnus Økland sin 36 fots seglbåt vert følgebåt på turen. Båten har seks køyer, toalett, bysse og kjøleskap. Dersom det trengst sleping av dei kulturhistoriske båtane, så bistår seglbåten med det.)



Selja kloster. Foto: Kjell Magnus Økland/kystkultur.no

Laurdag 29. august

Frå 0900: Klosterbåten fraktar folk til Selja. Klokka 1000 ortodoks messe i Sunnivahola. Ansvarleg: fader Theodor Svane.

Klokka 1030: ankomst/velkomst ved ordførar og prest av Kystkulturlaget frå Vågsøy sin femkeiping Hopland til Selja.



Kystkulturlaget i Vågsøy sin femkeiping Hopland. Foto: Kystkulturlaget i Vågsøy.

Klokka 1100: Gudsteneste på Selja kloster. Ansvarleg: prost Stian Heggedal/fung. Prost Vidar Bjotveit. Etter gudstenesta: skrinprosesjon med ungdomspilegrimane ned til sekskeiping. Avgang: Kystkulturlaget i Vågsøy ror med ungdomar og skrin frå Selja og sørover mot Måløy. Distanse Distanse Selja-Hornelsneset: ca. 16 nautiske mil. KMØ-seglbåt set kursen sørover.

I Selje sentrum vert det organisert andre aktivitetar etter at skrinet er reist sørover.



Sekskeipingen Knut. Foto: Hornelen Kystlag.

Ca. klokka 1800: Båtveksling ved Hornelsneset. Ungdomspilegrimar og skrin over i båt frå Hornelen kystlag (for å halda tidsskjemaet bør det truleg til noko sleping ved KMØ-seglbåt utover Frøysjøen?).



Kalvåg. Foto: Wikipedia.

Laurdag kveld: Ankomst og velkomst i Kalvåg for Hornelen-båt og KMØ-seglbåt. Distanse Hornelsneset-Kalvåg: ca. 14 nautiske mil.

Kl. 2200: Enkel kveldsbøn i Frøya kyrkje. Ansvarleg: dei fire ungdomspilegrimane. Skrinet overnattar i Frøya kyrkje i Kalvåg.

Sundag 30. august

Sundag morgon: henting av skrin i Frøya kyrkje. Avgang med farkost frå Kalvåg kystlag med ungdomspilegrimar og skrin ror og seglar direkte til Kinn. Distanse Kalvåg-Kinn: ca. 16 nautiske mil.



Frå Kinnaspelet. Foto: Håvard Stubhaug.

Bakkejekta seglar til Kinn og er på plass seinast etter gudstenesta. Bakkejekta og båten frå Kalvåg kystlag legg til på flytebryggje i Kinnavågen litt nordaust for Kinnakyrkja. Høvedsmann Bakkejekta: Rich Lennox. Distanse Jensbua-Kinn: 24 nautiske mil.



Bakkejekta. Foto: Stiftinga Jensbua.

Rutebåten går med publikum frå Florø til Kinn. (Rognvaldsvågen kan vera alternativ hamn dersom dårleg vær. Reserveløysing kan vera skyssing over med mindre motoriserte båtar.) Etter gudstenesta går rutebåten med publikum frå Kinn og tilbake til Florø. Kl. 1600: Økumenisk gudsteneste på Kinn. Ansvarleg: prost Knut Magne Nesse. Skrinet overnattar i Kinnakyrkja.

Hyllestad:

Sundag 30. august klokka 11.00 vert det gudsteneste i Hyllestad kyrkje med markering av den sterke lokale steinkross-tradisjonen. Sokneprest Audun Systad, ordførar i Hyllestad Kjell Eide, tidlegare biskop i Bjørgvin bispedøme Ole D. Hagesæther og Vivian Steinsland, muskar og styrerepresentant frå Stiftinga Kystkultur No, deltek i gudstenesta. Etterpå vert ein mindre steinkross frå Norsk Kvernsteinsenter boren ned frå kyrkja og lasta om bord i ein tradisjonell robåt, som vert rodd utover Ålfjorden. Sjå vidare om dette på tysdag 1. september i Korssund.



Hyllestad kyrkje med fjorden i bakgrunnen. Foto: Kyrkja i Hyllestad.



NOR 9362 XEM (Kjell Magnus Økland sin 36 fots seglbåt) vert følgebåt på turen. Båten har seks køyer, toalett, bysse og kjøleskap. Dersom det trengst sleping av dei kulturhistoriske båtane, så kan seglbåten bistå med det.

Måndag 31. august

Tidleg avgang: skrin og ungdommar går om bord i Bakkejekta og seglar til Svanøy. Distanse Kinn-Svanøybukt på Svanøy: ca. 12 nautiske mil.



Svanøy Hovedgard med Olavskrossen på kyrkjegarden til venstre i biletet.

Foto: Norsk hjortesenter.

Dagtid: Undervisning/strandrydding på Svanøy. Involverte aktørar: FN-sambandet, Flora ungdomsskule, Svanøy Folkeakademi og KMØ-seglbåt. Når Bakkejekta kjem skal skrinet opp til steinkrossen ved Svanøy hovudgard, enkel lesning ved ungdomspilegrimane, Flora-elevane legg sine brev i skrinet. Etterpå prosesjon ned til båten, skrin og ungdomspilegrimar går om bord i Bakkejekta og seglar til Askvoll. Distanse Svanøy-Askvoll: ca. 14 nautiske mil. KMØ-seglbåt fraktar FN-personell frå Svanøy til Flokenes der bilen deira ventar.




Askvoll kyrkje med båthamna i bakgrunnen til høgre. Foto: Kyrkja i Askvoll.

Eit par Askvoll-ungdommar kjem ut i båt og føl med på siste del av ferda. 1830: ankomstmottaking ved prest, ordførar og kyrkjelyd i Askvoll i gjestehamna. 1900: økumenisk kveldgudsteneste i Askvoll kyrkje. Ansvarleg: Kjell Olav Høstaker Nordheim. Skrinet overnattar i Askvoll kyrkje. Kveldssete etter gudstenesta.

Tysdag 1. september

Undervisning/aktivitet i Askvoll som involverar strandrydding strand vestom kommunehuset + bruka kommunehuset/dataregistrering. Involverte: konfirmantar ved Askvoll ungdomsskule og FN-sambandet.

Bakkejekta seglar vidare sørover med skrinet og passerer gjennom Lammetusundet og Korssund. Kort stogg i Korssund. Skrinet opp til Olavskrossen (for øvrig produsert i Hyllestad) for enkel lesning ved ungdomspilegrimane og påfyll av brev frå elevar frå Våge skule. Her vert óg steinkrossen frå Hyllestad overlevert ved representantar frå Hyllestad. Distanse Askvoll-Korssund: ca. 7 nautiske mil. FN-sambandet si undervisning i Korssund: involvera Våge skule i Fjaler, 4,5 km frå Korssund.



Korssund med krossen til høgre. Foto: Kjell Magnus Økland/kystkultur.no

Deretter set Bakkejekta kursen mot Eivindvik via Krakhellesundet, fotohøve ved Seglsteinen. Distanse Korssund-Eivindvik via Krakhellesundet: ca. 18 nautiske mil.



Eivindvik. Foto: Kjell Magnus Økland/kystkultur.no

Ankomst Eivindvik klokka 1830: kyrkjeklang ved innseglinga, mottaking på kaien, skrinet vert bore opp forbi korset ved kyrkja og så inn i kyrkja. Start økumenisk gudsteneste kl. 1900. Ansvarleg: Per Børge Hillestad. Etterpå: kveldssete i Prost Dahlhuset. Skrinet overnattar i Eivindvik kyrkje.

I Eivindvik vert det båtveksling mellom Bakkejekta og Den Gode Hensigt. Bergen Kystlag si jekt *Den Gode Hensigt* går frå Bergen til Eivindvik, framme tysdag kveld. Høvedsmann: Øyvin Konglevoll. Distanse Sandviken-Eivindvik: ca. 61 nautiske mil.

Onsdag 2. september

Undervisning/aktivitet i Eivindvik som involverer strandrydding. Involverte: konfirmanter ved Eivindvik ungdomsskule, FN-sambandet, Eivindvik sokneråd og Gulatinget.

Om morgonen: Jekta *Den Gode Hensigt* seglar sørover. Elevar vinkar farvel. Bakkejekta tar turen bortom Gulatinget før retur til Dalsfjorden.

Distanse Eivindvik-Kilstraumen: ca. 14 nautiske mil

Kl. 1830: prestaskøyto møter *Den Gode Hensigt* på fjorden nord for Kilstraumen i Austrheim. Felles ankomst ca. kl. 1900 ved Kilstraumen brygge. På land vert det kombinert gudsteneste og kulturarrangementet med litt om ferda, innlegging av brev, saga om prestaskøyta og musikalske innslag. Ansvarleg: Rune Minde. Skrinet overnattar i rommet på Prestaskøyta. KMØ-seglbåt dreg sørover på kvelden.



Den Gode Hensigt. Foto: Harald Dag Grindheim, Bergen Kystlag.

Torsdag 3. september

Snakkast på fjorden-dag på/ved Lygra med undervisning inkludert FN-sambandet – sjå www.snakkastpafjorden.no for meir info. KMØ-seglbåt og robåtar frå Kvernbit IL ro og seglgruppe hentar elevar frå Austebygd skule (1-7 skule) ved Sletta kai i Søre Vallersvågen. Øving på roing. Lunsj og undervisning på land i Kalvsundet. Strandrydding i Lygravågen.



1830: jekta Den Gode Hensigt har ankomst ved Meierikaien i Lygravågen. Skrin på land og opp til friluftsgudstenste på platå oppanfor vågen. Ansvarleg: sokneprest Geir Øy. Etter gudstenesta: skrinet inn i Lygra kyrkje for overnatting. Tilbod om lokalhistorisk vandring på Lygra og uteaktivitetar ved Lyngheiseret.



Friluftsgudstenesta på Lygra skjer på platået opp til høgde.
Foto: Kjell Magnus Økland/kystkultur.no



Hamre kyrkje på Osterøy. Foto: Edvin Bratli.

Fredag 4. september

Avgang klokka 0900 frå Lygra. Distanse Lygra kai vestsida-Alversund bru: ca. 8 nautiske mil.

Ca. klokka 1100: Involvera elevar frå Alversund skule. Ringing med kyrjeklokka i Alversund kyrkje. Elevar står på brua og vinkar. Ein elev kan fira ned ei bodstikke med helsingar til båten. Før eller etter båtpasseringa kan elevane gå på ekskursjon til Prestastøa, like sør for brua på austsida av sundet og få høyra meir om bakgrunnen for dette stadnamnet.

Ca. klokka 1200: Soge som kan forteljast i jekta: bakgrunnen for namnet på Kvernsteinsfjorden.

1830: Ankomst ved Hamre Kyrkje på Osterøy. 1900: Ortodoks vesper i Hamre kyrkje. Ansvarleg: Theodor Svane og prost Øystein Skauge. Distanse Alversund bru-Hamre: ca. 5 nautiske mil. Skrinet overnattar i Hamre kyrkje.



Enigheden. Foto: Kjell Magnus Økland/Kystkultur.no

Laurdag 5. september

0900 Avgang frå Hamre kyrkje.

Enigheden og andre båtar møter *Den Gode Hensigt* nord for Skoltegrunnskaaien og føl med inn til Vågen. Ankomst ved Torgutstikkeren klokka 1400. Prosesjon på land til Kristkyrkjetomten og båtkortesjen helsar frå Vågen. Byen sine kyrkjeklokker ringer når skrinet kjem til Kristkyrkjetomten. Kl. 1500: Opningsmarkering for Bergen Regionale Pilegrimssenter. Enkel lesning/bøn ved dei fire ungdomspilegrimane. Ansvarleg: Bjørgvin bispedøme.

Arrangementa fredag og laurdag inngår i Sunniva-festivalen 2020 og Bergen sitt 950-årsjubileum.

Nettside

På www.sunnivaseglas.no vert det publisert stoff om seglasen, stadane og multimedia. Posisjonen til skrinet vert oppdatert i eit digitalt kart.

Atterhald:

Alt som er skildra i prosjektskissa må takast med atterhald om endringar og ikkje minst at dette kan gjennomførast i tråd med Folkehelseinstituttets Korona-tilrådingar. Dersom det ikkje let seg gjennomføra i 2020, så vonar me at dette kan skje i 2021.

Bergen 20. august 2020

Kjell Magnus Økland
Dagleg leiar
Kystkultur.no

Ragna Sofie Grung Moe
Seniorrådgjevar kultur
Bjørgvin bispedøme